

**Utval:** Utval for kultur, idrett og regional utvikling  
**Møtestad:** Fylkesutvalssalen, Fylkeshuset  
**Dato:** 05.12.2017  
**Tidspunkt:** 11:00 – 15.00

**Følgjande faste medlemmer møte:**

Namn	Funksjon	Representerer
Kjell Gitton Håland	Nestleiar	A
Gunn Berit Lunde Aarvik	Medlem	A
Anita Garlid Johannessen	Medlem	FRP
Neshe Lie	Medlem	H
Beate Husa	Leiar	KRF
Gunnar Bakke	Medlem	FRP
Espen Berntsen	Medlem	A
Olav Kvinge	Medlem	H
May Eva Sandvik	Medlem	H
Sara Hamre Sekkingstad	Medlem	SP
Geir Kjell Andersland	Medlem	FL MDG/V
Katrin Innvær Ankervold	Medlem	A

**Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:**

Namn	Funksjon	Representerer
Siri Klokkestuen	Medlem	A
Anita Garlid Johannessen	Medlem	FRP

**Følgjande varamedlemmer møte:**

Namn	Møtte for	Representerer
Dag Rune Mo	Siri Klokkestuen	A

**Merknader**

Frå administrasjonen møte:

Namn		Stilling
Per Morten Ekerhovd	Kst. fylkesdirektør kultur- og idrettsavdelinga	
Ronny Skaar	Utviklingssjef kultur- og idrettsavdelinga	
Elisabeth Bjørsvik	Fylkesarkivar kultur- og idrettsavdelinga	
Björg Larsen	Seniorrådgjevar kultur- og idrettsavdelinga	
Ruth Ørnholt	Fylkesbiblioteksjef kultur- og idrettsavdelinga	
Bård Sandal	Fylkesdirektør regional utvikling	
Eva Katrine Ritland Taule	Seniorrådgjevar Seksjon for plan	
Sølve Dag Sondbø	Klima- og naturressurssjef regionalavdelinga	
Odd Kenneth Mellingen	Stabsleiar kultur- og idrettsavdelinga	

Odd Kenneth Mellingen  
sekretær

## Sakliste

<b>Utvalls- saknr</b>	<b>Innhald</b>	<b>Arkiv- saknr</b>	<b>U.Off.</b>
PS 148/17	Godkjenning av innkalling og sakliste		
PS 149/17	Godkjenning av møtebok frå forrige møte		
PS 150/17	Referatsaker (meldingar)		
RS 68/17	Planrapport 2016 - regional og kommunal planlegging i Hordaland	2016/9629	
RS 69/17	Statsbudsjett 2018 - konsolidering mellom Museum Vest og Bergens sjøfartsmuseum	2017/16733	
RS 70/17	Førespurnad frå Askøy kommune om ny vurdering av Plan 368 Askøypakken	2014/1141	
RS 71/17	Tilsegn til hurtigladeinfrastruktur 2017	2017/13527	
RS 72/17	Utfordringar med kunstgras	2017/130	
RS 73/17	Førespurnad om konkretisering av spelemiddelføresegnene - tilskot til skilting og merking	2017/736	
RS 74/17	Sykkel-VM og økonomisk status	2014/1636	
PS 151/17	Forskrift om freding av statens kulturhistoriske eigedomar - freda eigedomar i landsverneplan for Kulturdepartementet. Høyringsfråsegn	2014/495	
PS 152/17	Klage på avslag søknad på Lokale kulturbygg 2017	2017/3764	
PS 153/17	Premiss: Kultur. Regional plan for kultur 2015-2025.Handlingsprogram 2018.	2017/17129	
PS 154/17	Forslag til endring i vassforskrifta og naturmangfoldlova - fråsegn	2017/15974	
PS 155/17	Klimaplanen sitt handlingsprogram 2018	2017/14885	
PS 156/17	Ymse		

## **PS 148/17 Godkjenning av innkalling og saksliste**

**Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 05.12.2017**

### **Vedtak**

Innkalling og sakliste vart godkjend slik den låg føre.

## **PS 149/17 Godkjenning av møtebok frå forrige møte**

**Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 05.12.2017**

### **Vedtak**

Møteprotokollen frå møte i utval for kultur, idrett og regional utvikling 15.11.2017 vart godkjent utan merknader.

## **PS 150/17 Referatsaker (meldingar)**

**Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 05.12.2017**

Til RS 69/17 *Statsbudsjett 2018 - konsolidering mellom Museum Vest og Bergens sjøfartsmuseum*, sette medlem Kjell Håland fram følgjande uttale på vegner av Ap, Krf og Sp:

*Utval for kultur, idrett og regional utvikling i Hordaland fylkeskommune vil gje ei sterk støtte til Bergen kommune sin merknad til statsbudsjett 2018 når det gjeld konsolidering mellom Museum Vest og Bergens sjøfartsmuseum. Utvalet forventar at ein frå statleg hald vil følgje opp med bevilging til gjennomføring av konsolideringa frå og med 2018.*

Eit samla utval støtta uttalen.

Til RS 70/17 *Førespurnad frå Askøy kommune om ny vurdering av Plan 368 Askøypakken*, sette medlem Mai Eva Sandvik fram spørsmål om saka burde takast opp att i utvalet på ny og sette fram følgjande forslag:

*Utval for kultur, idrett og regional utvikling ber om at Plan 368 Askøypakken vert tatt til ny behandling.*

Medlem Kjell Håland sette fram slikt forslag til uttale:

Utval for kultur, idrett og regional utvikling viser til PS 128/17 *Søknad om samtykke til etablering av handelsareal til Biltema i Heiane Vest næringsområde - Stord kommune*, og meiner at denne saka ikkje skaper presedens ref. brev frå Askøy kommune 16.11.2017.

Sandvik sitt forslag fekk 4 røyster (H og Frp) mot 8 røyster og fall.  
Eit samla utval stilte seg bak Håland sitt forslag til uttale.

Til RS 74/17 *Sykkel-VM og økonomisk status*, etterlyste medlem May Eva Sandvik ei betre orientering om status for økonomien i prosjektet.

Medlem Kjell Håland kom med følgjande forslag til uttale i saka:

- 1. Utval for kultur, idrett og regional utvikling konstaterer at sykkel-VM 2017 vart ein stor sportsleg og publikumsmessig suksess.*
- 2. Utvalet meiner at det varsla underskotet er å beklaga.*
- 3. Med bakgrunn i at dette meisterskapet har store internasjonale dimensjonar, meiner utvalet at staten må ta eit større økonomisk ansvar for Sykkel-VM 2017.*
- 4. Utvalet oppfordrar Fylkesutvalet og saman med byrådet i Bergen å gå i dialog med staten/Kulturdepartementet for å oppnå større økonomisk medverknad.*
- 5. Utvalet imøteser ein kommande ringverknadsanalyse med effektane av sykkel-VM 2017.*

Eit samla utval stilte seg bak Håland sitt forslag til uttale.

## **Vedtak**

Referatsaker 68-74/17 vart elles tekne til orientering.

## **PS 151/17 Forskrift om fredning av statens kulturhistoriske eigedomar - freda eigedomar i landsverneplan for Kulturdepartementet. Høyringsfråsegn**

### **Forslag til innstilling**

1. Fylkesutvalet sluttar seg til fredning av Statsarkivet i Bergen kommune.
2. Fylkesutvalet ber om at også plassen framfor bygningen, inkludert dei omgivande murane, vert omfatta av fredinga.

### **Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 05.12.2017**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Innstilling**

1. Fylkesutvalet sluttar seg til fredning av Statsarkivet i Bergen kommune.
2. Fylkesutvalet ber om at også plassen framfor bygningen, inkludert dei omgivande murane, vert omfatta av fredinga.

## **PS 152/17 Klage på avslag søknad på Lokale kulturbygg 2017**

### **Forslag til vedtak**

Utval for kultur, idrett og regional utvikling opprettheld avslag dagsett 13.9.2017 på søknad frå Moster sogelag om spelemidlar til Lokale kulturbygg.

### **Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 05.12.2017**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

Utval for kultur, idrett og regional utvikling opprettheld avslag dagsett 13.09.2017 på søknad frå Moster sogelag om spelemidlar til Lokale kulturbygg.

## **PS 153/17 Premiss: Kultur. Regional plan for kultur 2015-2025. Handlingsprogram 2018.**

### **Forslag til innstilling**

1. Fylkestinget ser at dei økonomiske rammene føreset strenge prioriteringar for å nå nokre viktige løft innan kultur- og idrettsfeltet i Hordaland
2. Fylkestinget vedtek dei satsingane som er gjort i handlingsprogrammet for 2018 med Kulturregion Vestlandet, løft for profesjonelle kunst- og kulturinstitusjonar og digitalisering.
3. Fylkestinget tek statusrapport 2017 til etterretning.

### **Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 05.12.2017**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Innstilling til fylkesutvalet**

1. Fylkestinget ser at dei økonomiske rammene føreset strenge prioriteringar for å nå nokre viktige løft innan kultur- og idrettsfeltet i Hordaland.
2. Fylkestinget vedtek dei satsingane som er gjort i handlingsprogrammet for 2018 med Kulturregion Vestlandet, løft for profesjonelle kunst- og kulturinstitusjonar og digitalisering.
3. Fylkestinget tek statusrapport 2017 til etterretning.

## **PS 154/17 Forslag til endring i vassforskrifta og naturmangfoldlova - fråsegn**

### **Forslag til innstilling**

1. Hordaland fylkeskommune støttar ikkje endringane i vassforskrifta om at det no vert lagt opp til statleg over styring og «avpolitiser» vassforvaltninga. Eksisterande organisering sikrar politisk forankring, engasjerte lokalsamfunn og aktiv deltaking.
2. Evalueringar av arbeidet med vassforvaltninga konkluderer med at fylkeskommunane har gjort ein god jobb til ein låg kostnad utifrå dei rammer og føringar frå departementet, som var lagt til grunn for arbeidet. Hordaland fylkeskommune ser ikkje nytten av å endra dette som fungerer.
3. At ein tek bort vassforvaltingsarbeidet frå plan- og bygningslova er uheldig. Plan- og bygningslova er ein godt eigna, felles reiskap som balanserer økonomiske, sosiale og miljømessige omsyn for samfunnet sitt samla behov. Planprosessane er demokratiske, og sikrar at alle påverka partar deltek aktivt både i planfase og oppfølging.
4. Forskriftsendringa utfordrar Stortinget sin intensjon om at regionreforma skal styrkje regionen si rolle som samfunnsutviklar. Det er uheldig at endringar i vassforvaltingsarbeidet vert foreslått før regjeringa sitt ekspertutval med frist til 1.2.2018, får gjort sine vurderingar av nye oppgåver til regionane.
5. Noko av grunngevinga for endring i vassforskrifta er at det i dei neste planperiodane berre skal føretakast mindre endringar av eksisterande planar. Erfaring frå rollen som vassregionmynde tilseier at det er eit relativt stort etterslep på både innhenting av kunnskap, overvaking og forankring av tiltak. Hordaland fylkeskommune er bekymra for at det no vert lagt opp til eit for lågt ambisjonsnivå når det kjem til å nå målet for våre vassressursar.
6. Det vil svekke arbeidet at det ikkje lenger skal være ein lovfesta samordningsarena regionalt (vassregionutval). Ved å fjerne denne, er det ein risiko for at vassforvaltingsarbeidet blir meir sektorisert og fragmentert, medan målet er heilskaplege og sektorovergripande planar.
7. Det er uheldig at plan- og bygningslova sin heimel om at statlege etatar og kommunane har rett og plikt til å delta i planlegginga fell bort. Det er uklart kva juridisk verknad ein plan heimla i naturmangfoldlova vil ha. Dette kan medføre risiko for at både kommunar og sektormynde i større grad vil distansere seg frå aktiv deltaking. Hordaland fylkeskommune er også bekymra for at mindre medverknad og eigarskap til vassforvaltingsplanane kan føre til at ein ikkje oppnår vassforskrifta sitt mål om god økologisk vasskvalitet.
8. Arbeidet i vassområda har etablert gode samarbeidsformer som er viktige å vidareføre. For å sikre lokal forankring må staten framleis gå inn med finansiering av vassområda si drift. Det er brukt mykje tid og ressursar på å byggje opp kunnskap og kompetanse lokalt. Dette er noko ein må ta vare på.
9. Hordaland fylkeskommune har teke på seg økonomiske forplikningar i samband med oppfølging av arbeidet i vassområda og som vassregionmynde. Desse må det kompenseras for.
10. Dersom vassforskrifta skal endras må den innehalde ein overgangsperiode og ikkje tre i kraft før neste planperiode frå 1.1.2022. Den planlagde datoen 1.7.2018 er altfor kort tid. KLD skriver i sitt forventningsbrev til fylkeskommunane for 2018, datert 1.6.2017, at regjeringa er avhengig av at miljøpolitikken inngår i andre sektorar sine prioriteringar for å nå nasjonale mål, både på lokalt, regionalt og nasjonalt nivå. Vidare skriv KLD at som ansvarleg for regional planlegging etter plan- og bygningslova, og den viktigaste utviklingsaktøren regionalt, har fylkeskommunen ein sentral rolle i å vege ulike interesser mot kvarandre innanfor ramma av den nasjonale

arealpolitikken, der sikring av friluftsområde, heilskapleg vassforvaltning og det å ivareta vassdrags- og kystnatur er viktige element.

## Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 05.12.2017

**Geir Kjell Andersland( V)** sette fram slikt forslag til vedtak:

«I innstillinga pkt. 4: Ordet *utfordrar* endra til *er i konflikt med*»

**Kjell Håland (A)** sette fram slikt oversendingsforslag på vegner av A, Krf og Sp:

«Utval for kultur, idrett og regional utvikling ser denne saka som ei særskild viktig prinsipiell sak for fylkeskommunen, og ber Fylkesutvalet vurdere å legge denne høyringsuttalen fram for Fylkestinget 12. – 13. desember 2017.»

### Røysting

Andersland sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Fylkesrådmannen sitt forslag vart elles samrøystes vedteke.

Håland sitt oversendingsforslag vart samrøystes vedteke oversendt til Fylkesutvalet.

### Innstilling

1. Hordaland fylkeskommune støttar ikkje endringane i vassforskrifta om at det no vert lagt opp til statleg over styring og «avpolitiserer» vassforvaltninga. Eksisterande organisering sikrar politisk forankring, engasjerte lokalsamfunn og aktiv deltaking.
2. Evalueringar av arbeidet med vassforvaltninga konkluderer med at fylkeskommunane har gjort ein god jobb til ein låg kostnad utifrå dei rammer og føringar frå departementet, som var lagt til grunn for arbeidet. Hordaland fylkeskommune ser ikkje nytten av å endra dette som fungerer.
3. At ein tek bort vassforvaltingsarbeidet frå plan- og bygningslova er uheldig. Plan- og bygningslova er ein godt eigna, felles reiskap som balanserer økonomiske, sosiale og miljømessige omsyn for samfunnet sitt samla behov. Planprosessane er demokratiske, og sikrar at alle påverka partar deltek aktivt både i planfase og oppfølging.
4. Forskriftsendringa er i konflikt med Stortinget sin intensjon om at regionreforma skal styrkje regionen si rolle som samfunnsutviklar. Det er uheldig at endringar i vassforvaltingsarbeidet vert foreslått før regjeringa sitt ekspertutval med frist til 1.2.2018, får gjort sine vurderingar av nye oppgåver til regionane.
5. Noko av grunngevinga for endring i vassforskrifta er at det i dei neste planperiodane berre skal føretakast mindre endringar av eksisterande planar. Erfaring frå rollen som vassregionmynde tilseier at det er eit relativt stort etterslep på både innhenting av kunnskap, overvaking og forankring av tiltak. Hordaland fylkeskommune er bekymra for at det no vert lagt opp til eit for lågt ambisjonsnivå når det kjem til å nå målet for våre vassressursar.
6. Det vil svekke arbeidet at det ikkje lenger skal være ein lovfesta samordningsarena regionalt (vassregionutval). Ved å fjerne denne, er det ein risiko for at vassforvaltingsarbeidet blir meir sektorisert og fragmentert, medan målet er heilskaplege og sektorovergripande planar.
7. Det er uheldig at plan- og bygningslova sin heimel om at statlege etatar og kommunane har rett og plikt til å delta i planlegginga fell bort. Det er uklart kva juridisk verknad ein plan heimla i naturmangfaldlova vil ha. Dette kan medføre risiko for at både kommunar og sektormynde i større grad vil distansere seg frå aktiv deltaking. Hordaland fylkeskommune er også bekymra for at mindre medverknad og eigarskap til vassforvaltingsplanane kan føre til at ein ikkje oppnår vassforskrifta sitt mål om god økologisk vasskvalitet.
8. Arbeidet i vassområda har etablert gode samarbeidsformer som er viktige å vidareføre. For å sikre lokal forankring må staten framleis gå inn med finansiering av vassområda si drift. Det er brukt mykje tid og ressursar på å byggje opp kunnskap og kompetanse lokalt. Dette er noko ein må ta vare på.

9. Hordaland fylkeskommune har teke på seg økonomiske forpliktingar i samband med oppfølging av arbeidet i vassområda og som vassregionmynde. Desse må det kompenseras for.
10. Dersom vassforskrifta skal endras må den innehalde ein overgangsperiode og ikkje tre i kraft før neste planperiode frå 1.1.2022. Den planlagde datoen 1.7.2018 er altfor kort tid. KLD skriver i sitt forventningsbrev til fylkeskommunane for 2018, datert 1.6.2017, at regjeringa er avhengig av at miljøpolitikken inngår i andre sektorar sine prioriteringar for å nå nasjonale mål, både på lokalt, regionalt og nasjonalt nivå. Vidare skriv KLD at som ansvarleg for regional planlegging etter plan- og bygningslova, og den viktigaste utviklingsaktøren regionalt, har fylkeskommunen ein sentral rolle i å vege ulike interesser mot kvarandre innanfor ramma av den nasjonale arealpolitikken, der sikring av friluftsområde, heilskapleg vassforvaltning og det å ivareta vassdrags- og kystnatur er viktige element.

## **PS 155/17 Klimaplanen sitt handlingsprogram 2018**

### **Forslag til innstilling**

1. Fylkestinget vedtek Klimaplanen sitt handlingsprogram for 2017 slik det går fram av saka.
2. Økonomisk ramme for klimaplanen sitt handlingsprogram for 2017 (klimabudsjettet) vert handsama i fylkesbudsjettet for 2017.
3. Førebels fordeling av midlar frå klimabudsjettet på dei einiskilde tiltaka er basert på kostnadsoverslag og går fram av handlingsprogrammet.
4. Fylkesrådmannen får fullmakt til å gjere mindre justeringar.

### **Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 28.11.2017**

Representanten Rosalind Fosse sette fram følgjande endringsforslagi høve til fylkesrådmannen sitt forslag, pkt.1:

«Side 137 Retningslinjer for planlegging, punkt 1. Kommuneplanen rettes fra skal til **bør** fastsetje senterstruktur i samsvar med regional plan.  
Strategi C: Avgrense biltrafikken

**Tas ut** 9. innføring av differenserte bompenger i og kring Bergen i høve:

- rushtid
- miljøutslipp
- tal passasjerar i bilen

**Tas ut** 10. Reduksjon i talet på offentlige og private langtids-parkeringsplasser i sentrale deler av Bergen

Side 138 Byvekstavtalen ( Miøjløftet)

- Gange og sykkel
- Forlenging av trolleylinja
- Utbygging av Bybane til Fyllingsdalen - **Tas ut**

Side 145 **Tas ut** Tiltak 5.9 Miljødifferenserte bompenger.

side 158 punkt 5.16 Diff bompenger: **Nytt punkt:** Elbiler, hydrogen biler og tyngre kjøretøy med elektromotor behandles på lik linje som annen bilpark».

### **Røysting**

Fosse sine endringsframlegg i høve til fylkesrådmannen si innstilling til pkt. 1 fall (første forslag fekk 6 røyster (FRP/H/V), øvrige endringsforslag fekk FRP sine to røyster).

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling punkt 1 vart vedteke med 13 røyster.

Fylkesrådmannen sine forslag til pkt. 2, 3 og 4 vart samrøystes vedteke.

### **Forslag til innstilling**

1. Fylkestinget vedtek Klimaplanen sitt handlingsprogram for 2017 slik det går fram av saka.

2. Økonomisk ramme for klimaplanen sitt handlingsprogram for 2017 (klimabudsjettet) vert handsama i fylkesbudsjettet for 2017.
3. Førebels fordeling av midlar frå klimabudsjettet på dei einiskilde tiltaka er basert på kostnadsoverslag og går fram av handlingsprogrammet.
4. Fylkesrådmannen får fullmakt til å gjere mindre justeringar.

### **Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 29.11.2017**

I punkt 1 og 2 er årstalet 2017 administrativt endra til 2018.

**Rosalind Fosse (Frp)** sette fram slikt forslag:

«Klimaplan

Side 208

Retningslinjer for planlegging.

Punkt 1. Kommuneplanen **bør (rettes fra skal)** fastsetje senterstruktur i samsvar med regional plan.

Strategi C: Avgrense biltrafikken

#### **Tas ut**

9. innføring av differenserte bompenger i og kring Bergen i høve:

- rushtid
- miljøutslipp
- tal passasjerar i bilen

#### **Tas ut**

10. Reduksjon i talet på offentlige og private langtids-parkeringsplasser i sentrale deler av Bergen

Side 209

Byvekstavtalen (Miljøljøftet)

- Gange og sykkel
- Forlenging av trolleylinja
- Utbygging av Bybane til Fyllingsdalen - **Tas ut**

Side 216

#### **Tas ut**

Tiltak 5.9 Miljødifferenserte bompenger.

Side 229 punkt 5.16 Diff. bompenger:

#### **Endret punkt:**

Elbiler, hydrogenbiler og tyngre kjøretøy med elektromotor behandles på lik linje som annen bilpark.»

**Natalie Golis (MDG)** sette fram slik protokollmerknad:

«Miljøpartiet Dei Grøne sine endelege endringsforslag til Klimaplanens handlingsprogram vil komme til handsaminga i fylkesutvalet.»

### **Røysting**

Fosse sitt forslag om punkt 1. kommuneplanen fekk 5 røyster (Frp, H) og fall.

Fosse sine øvrige forslag fekk 2 røyster (Frp) og fall.

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.



### **Innstilling til fylkesutvalet**

1. Fylkestinget vedtek Klimaplanen sitt handlingsprogram for 2018 slik det går fram av saka.
2. Økonomisk ramme for klimaplanen sitt handlingsprogram for 2018 (klimabudsjettet) vert handsama i fylkesbudsjettet for 2018.
3. Førebels fordeling av midlar frå klimabudsjettet på dei einsskilte tiltaka er basert på kostnadsoverslag og går fram av handlingsprogrammet.
4. Fylkesrådmannen får fullmakt til å gjere mindre justeringar.

### **Protokollmerknad frå MDG**

Miljøpartiet Dei Grøne sine endelege endringsforslag til Klimaplanens handlingsprogram vil komme til handsaminga i fylkesutvalet.

### **Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 05.12.2017**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Innstilling**

1. Fylkestinget vedtek Klimaplanen sitt handlingsprogram for 2017 slik det går fram av saka.
2. Økonomisk ramme for klimaplanen sitt handlingsprogram for 2017 (klimabudsjettet) vert handsama i fylkesbudsjettet for 2017.
3. Førebels fordeling av midlar frå klimabudsjettet på dei einsskilte tiltaka er basert på kostnadsoverslag og går fram av handlingsprogrammet.
4. Fylkesrådmannen får fullmakt til å gjere mindre justeringar.

### **PS 156/17 Ymse**

### **Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 05.12.2017**

Medlem May Eva Sandvik (H) viste til politisk uttale frå Mustafa Can i samband med hans innlegg på fylkeskulturkonferansen, og meinte det var beklageleg med slike sterke ytringar mot ei politisk retning.

Kst. fylkesdirektør kultur og idrett Per Morten Ekerhovd viste til at ytringa ikkje var bestilt, og at dette kom overraskande på administrasjonen også. Han viste elles til e-posten han sendte til utvalet like i etterkant av fylkeskonferansen.

Medlem May Eva Sandvik (H) ønskte svar på konsekvensane av at ein kommune nyttar spelemidlar til fleirbrukshall men definerer om bygget til skulebygg.

Kst. fylkesdirektør kultur og idrett Per Morten Ekerhovd orienterte. Administrasjonen vil koma attende med ei skriftleg orientering om saka.